



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 13

Telefaks 53 43 70 11

UGGDAL, 03.03.10

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
09/569	1868/10	020	FSK/ORD/HEHA/åd	

TYSNES UNGDOMSRÅD - REFERAT FRÅ MØTE 26.02.10

Desse møtte. Hanne Hope, Veronika Hestad Kjøndal og Jostein Gjerstad. Referent Helge Hauge.

Møtet var ikkje vedtaksfør, men deltakarane valde å drøfta ein del saker utan å gjera vedtak.

Innkalling: Det vart stilt spørsmål om det svake frammøtet kom av at innkallinga berre var sendt ut på mail. Elles ikkje merknader.

Det var ikkje merknader til sakliste og referat frå førre møte.

14. Ungdomsklubb:

Dei tre frammøtte skal alle på dugnad i ungdomshuset i helga 27. – 28. februar. Der vil dei prøva å få avklaring på følgjande:

- Kinorom. Kinorom bør vera prioritert. Helga 27. – 28. februar må ein få avklara kor ungdomsklubben kan ha kinorom fram til det permanente rommet er pussa opp. Prosjektoren må kunna takast ned kvar gong, og det må nyttast flyttbart lerret.
- Kiosk/bar: Ungdomsklubben må få avklart kor varer kan lagrast.

Biljardbord: Hanne har ikkje fått tilbakemelding frå Sporten/Tysnes. Hanne bestiller bord etter katalog – tilkøyrte Tysnes.

Vakter, reinhald m.m.: Her ventar ungdomsrådet på tilbakemelding frå 10. klassen. Måling. Ungdomsrådet får velja fargar. Installering av fiber. Ungdomslaget vil eiga og ha ansvaret. Ungdomsrådet gjev tilskot.

15. Ungdomssider i bladet Tysnes

Dette stiller ein seg svært positiv til. Følgjande kan leggjast ut:

- Debattsider. Kan bli teke med i papirutgåva
- Referat frå møta i ungdomsrådet
- Leggja ut sjølv

- Melda filmar, musikk, spel etc
- Biletseriar
- Ulike miljø kan koma til ordet

16. Ymse

Tysnes Sparebank gav k. 16 000? til arbeidet i ungdomsrådet. FLOTT!

Magne Fauskanger har teke opp om ungdomsrådet vil arbeida for å få til ein motorcrossbane. Dette vert teke opp på neste møte.

Laurdag 5. juni skal Tysnes kommune, næringsliv, kulturliv etc presntera seg på Bergen Storsenter. Vil ungdomsrådet delta? Vert teke opp på neste møte.

Ungdomsrådet vil invitera lensmann Lorentz Lunde til eit ope møte.

Helge Hauge
referent